



Fjellkoret og Bjørgvin jentekor fungerte svært godt saman, og ei nær fullsett Foldnes kyrkje var sikra julestemning. Alle foto: Kyrre Styve

Vakker julestemning



Fjellkoret, med dirigent Ingeborg Aadland og Kato Nogva Flem på piano og orgel, står fram som eit uvanleg dyktig blandakor.

Fjellkoret og Bjørgvin jentekor viste seg å vera ein vinnande kombinasjon.

FOLDNES: Klokkeklar song, mjuk stemning og stor variasjon: Fjellkoret sin tradisjonsrike julekonsert i Foldnes kyrkje vart ei vakker oppleving. Prikken over i'en kom med gjestane frå Bjørgvin jentekor, som på ingen måte ber preg av den unge alderen.

Konserten søndag opna med «Det lyser i stille grender», ein song som verkeleg passar i ei kyrkje når julestemninga skal fram. Her song begge kora saman, og skapte eit kraftig lydbilete og ein fin effekt då songarane stod i ein halvsirkel som omkransa publikum. Koret er veldig flinke til å separera kvinne- og mannsrøystene. Medan mindre proffe blandakor kan bli eit rotete blanding av mørke og lyse røyster, klarar Fjellkoret å halda røystene fråskilt og samtidig få ein harmonisk heilskap.

Storslått

Fjellkoret heldt fram med ei fin blanding av kjente, kjære julesongar og ein del songar som nok var eit nytt bekjentskap for mange. Den første delen av konserten var alle songane på norsk, og dei røynde songarane i Fjellkoret klarte verkeleg å få fram det storslåtte, kraftfulle og vakre i både tekst og tonar. Foldnes kyrkje er som skapt for slike konsertar, og ekstra stemningsfullt vart det då Fjellkoret og Bjørgvin jentekor saman song «Mitt hjerte all-



Foldnes kyrkje vart for ingen måte for stor for det vesle jentekoret frå Bergen.

tid vanker». Dei lyse, mjuke stemmene til jentekoret var flott kombinert med dei vaksne stemmene til kvinner og menn i Fjellkoret.

Allsong

Kyrkja var nær fullsett, med ei overvekt av godt vaksne. Og alle song med på «Sjå tusen julelys blir kveikt», før Bjørgvin jentekor tok scena åleine. Etter dei mektige røystene til dei erfarne songarane i Fjellkoret kunne ein kanskje frykta at ei lita gruppe unge jenter kunne få problem med å fylla kyrkja med vellyd. Men det gjorde dei til gagns. Sjølvsaugt var det ikkje like kraftfullt som Fjellkoret, men det var godt volum, vakre og tydelege røyster og varmt lydbilete. Spesielt på «Ved Rondane» av Edvard Grieg/Aasmund Olavsson Vinje stod dei fram som muskalsk framifrå, trygge og røynde. Såleis var årets gjestekor, dirigert av Gro Espedal, verkeleg ein

fulltreffar.

Engelsk jul

Då Fjellkoret tok scena att, slo dei over på engelsk. Då fekk ein mellom anna høyra «Deck the hall», som mange kjenner frå utallege julefilmer og Donald-teiknefilmer. Etter totalt atten nydelege songar som var nydeleg framført, var det tid for avslutning med allsong. «Deilig er jorden» er alltid vakker, og er så kjent at den eignar seg godt for allsang. Slik vart det ei vakker avslutning på ein konsert som var godt eigna til å få fram julestemninga.

Etter konserten var det gløgg og pepperkaker for publikum og kor i borggården, før songarar og tilhøyrarar tok turen ut i ein desemberkveld som endeleg byrja å minna om vinter.